

NORDDAL KOMMUNE

GEBYRREGULATIV FOR VATN OG AVLØPSTENESTER

FOR 20xx

Vedtatt i Norddal kommunestyre i møte den xx.xx.xx

RAMMER FOR GEBYRUTREKNING

- Gebyra skal ikkje overstige kommunen sine kostnader, men kan avreknast over ein 4 års periode.
- Overslag over forventa kostnader (drifts- og kapitalkostnader) for dei næraste 4 åra skal liggje føre før fastsetjing av storleiken av gebyra.
- Gebyrutrekninga skal vere etter Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 samt sentral og lokal forskrift om vass- og avlaupsgebyr.
- Alle prisar er utan 25 % mva.

1 EINGONGSGEBYR FOR TILKNYTING

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsleidningsnett.

- For vatn uansett storleiken på bygget: kr 6 000 kr
- For avlaup uansett storleiken på bygget: kr 6 000 kr
- Viss abonnenten allereie er knytt til vass- og/eller avløpsleidningsnett som kommunen tek over, er kvart av eingongsgebyra 3 000 kr.

2 ÅRSGEBYR

2.1 Abonnementsgebyr

- Abonnementsgebyret er 1 000 kr per år

2.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret blir utrekna på grunnlag av målt eller stipulert forbruk, basert på pris per m³ (kubikkmeter=1000 liter).

Pris per m³

- Vatn: 14,00 kr
- Avlaup : 12,00 kr

a) Etter målt forbruk (hovedregel)

Forbruksgebyret blir rekna ut etter faktisk vassforbruk (vassmålar) og pris pr. m³. Avlaupsmengde blir sett lik vassmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten. Målt forbruk over 10 000 m³ blir ikkje rekna med.

Forbruksgebyr ved bruk av vassmålar:

- Vatn : Pris per m³ [kr/m³] x Målt forbruk [m³]
- Avløp : Pris per m³ [kr/m³] x Målt forbruk [m³]

b) Etter stipulert forbruk (overgangsregel)

Forbruksgebyret blir rekna ut etter stipulert forbruk og pris pr. m³. Stipulert forbruk [m³] blir utrekna slik: Bruksareal BRA [m²] x spesifikt forbruk [m³/m²] kor:

- Arealet utreiknest som bruksareal BRA [m²] etter NS 3940
- Spesifikt forbruk er fastsett til 1,00 m³/m²

Forbruksgebyr bustader:

- Vatn : Pris per m³ [kr/m³] x Stipulert forbruk [m³]
- Avløp : Pris per m³ [kr/m³] x Stipulert forbruk [m³]

Forbruksgebyr hytter/fritidsbustader:

- Vatn : Pris per m³ [kr/m³] x Stipulert forbruk [m³] x Forventa brukstid1)
- Avløp : Pris per m³ [kr/m³] x Stipulert forbruk [m³] x Forventa brukstid1)

1) Forventa brukstid blir fastsett etter følgjande modell:

- Utleiehytter : Forventa brukstid = 0,5 (50 % av året)

- Øvrige hytter/fritidsbustader : Forventa brukstid = 0,5 (50 % av året)

3 ÅRLEG VASSMÅLARLEIGE

Kommunen eig vassmålaren for bustad, hytte og fritidsbustader. Abonentane betaler alle kostnader knytt til installering og vedlikehald av målaren. Det blir betalt ei årleg leige for å dekkje desse kostnadene, som varierer med målaren sin storleik etter følgjande modell:

- T.o.m. 25 mm : 250 kr
- 26 - 50 mm : 300 kr
- større enn 50 mm : 650 kr

Avlesingsgebyr (om ikkje abonnenten les av vassmålaren sjølv) er kr 500,-

4 MELLOMBELS BRUK AV VATN OG AVLAUP

Eigar/festar av eigedom som mellombels blir knytt til kommunen sine vass- og avlaupsanlegg skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande regler for næringsverksemd, sjå punkt 2.

5 TØMING AV SLAM FRÅ SLAMAVSKILJARE

Slamavskiljarar blir tømt kvart 2. år, hos fritidsbustader kvart 4. år. Gebyr for tøming og behandling/avvatning er avhengig av storleiken til slamavskiljaren. Gebyra blir betalt årleg.

Tøming kvart 2. år:

Slamavskiljarar og tette tankar med volum inntil 2 m³: 578 kr
Slamavskiljarar og tette tankar med volum inntil 4.5 m³: 674 kr
Tillegg for volum ut over 4,5 m³ for slamavskiljarar: 82 kr
Tillegg for volum ut over 4,5 m³ for tette tankar: 96 kr

Tøming kvart 4. år:

Slamavskiljarar og tette tankar med volum inntil 2 m³: 289 kr
Slamavskiljarar og tette tankar med volum inntil 4.5 m³: 337 kr
Tillegg for volum ut over 4,5 m³ for slamavskiljarar: 41 kr
Tillegg for volum ut over 4,5 m³ for tette tankar: 48 kr

6 TILLEGGSGEBYR

Tilleggsgebyr kan påleggjast viss ikkje abonnenten følgjer kommunen sine krav om utbetring av egne vass- og/eller avlaupsanlegg, slik at det oppstår meirutgifter for kommunen.